

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 93/2003**

**av 11. juli 2003**

**om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 57/2003 av 16. mai 2003<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2003/31/EF av 29. november 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til oppvaskmiddel til oppvaskmaskiner, og om endring av vedtak 1999/427/EF<sup>(2)</sup>, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XX vert det gjort følgjande endringar:

1. Tidlegare nr. 2eq (kommisjonsvedtak 1999/427/EF) vert nr. 2eqa.
2. I nr. 2eqa (kommisjonsvedtak 1999/427/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32003 D 0031:** Kommisjonsvedtak 2003/31/EF av 29. november 2002 (TEF L 9 av 15.1.2003, s. 11).”
3. Etter nr. 2epa (kommisjonsvedtak 1999/205/EF) skal nytt nr. 2eq lyde:  
”2eq. **32003 D 0031:** Kommisjonsvedtak 2003/31/EF av 29. november 2002 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til oppvaskmiddel til oppvaskmaskiner, og om endring av vedtak 1999/427/EF (TEF L 9 av 15.1.2003, s. 11).”
4. Nr. 2eqa (kommisjonsvedtak 1999/427/EF) vert oppheva frå 31. mai 2004.

---

<sup>(1)</sup> TEU L 193 av 31.7.2003, s. 38, og EØS-tillegget til TEU nr. 39 av 31.7.2003, s. 23.

<sup>(2)</sup> TEF L 9 av 15.1.2003, s. 11.

*Artikkel 2*

Teksta til vedtak 2003/31/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 12. juli 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 11. juli 2003.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*Prins Nikolaus von Liechtenstein*

*Sekretærar for EØS-komiteen*

*P.K. Mannes      M. Brinkmann*

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.